

DNT GUDBRANDSDALEN

Årsmelding 2023



Bilete er teke av Helle
Hovden på turen frå Sota
Sæter til Dønfoss via
Tundradalen i mars 2023

DNT Gudbrandsdalen i 2023

Familietur til Trabelifjella



Foto: Tuva Brevik

Året 2023 har tradisjon tru vore eit år med mange turar og mykje aktivitet i DNT Gudbrandsdalen. I løpet av året vart det gjennomført 50 turar og 4 kurs som fekk 1056 store og små ut på tur.

Nytt for året var at turprogrammet kun var digitalt og fristen for turleiarar til å melde inn turar var meir flytande. Det trykte programmet vart djupt sakna og er attende i 2024.

Tusen takk til alle frivillige som bidreg til eit innhaldsrikt turprogram for alle aldre og formnivå.

Aktivitet gjennom året

Seniorgruppa

Seniorgruppa har varierte turar heile året og arrangerte i år til saman 10 turar. Året starta med tur i Krokhaugen på Harpefoss der Solveig og Kristen Brendhaugen var turleiarar. Leiari for seniorgruppa, Gitte Bertelsen, hadde i februar måneskinnstur på truger til Øvre Skar. Ut på sommaren var det tur til Kleivsetra, Rudiomnan og Peer Gynt stien. Arne Skuterud leia tur fra Toksesetra til Tjønnseterfjellet.

Dei som deltok på langhelga på Runde fekk eit nydeleg vær og ei flott oppleveling. Tapasturen i september har vorte ein tradisjon og samla i år heile 28 turlade seniorar.

Dugnadsgruppa

Det blir kvart år lagt ned ein stor innsats i dugnadsgruppa for å halde Peer Gynt stien rydda og merka. I år bidrog uværet Hans til å gjeira jobben ekstra krevjande og dette arbeidet tok til saman 100 timer. Takk til leiari i stugruppa Helle Hovden og dei 18 frivillige for innsatsen.

I tillegg til dugnad i Øvre Skar både vår og haust er det jevnlig tilsyn gjennom sommaren. Det vart lagt ned over 100 timer i dugnadsinnsats for å bevare Øvre Skar som ein triveleg plass for besökande.

Dugnadsgruppa med Kristen Brendhaugen i spissen, har også brukt over 125 timer på å bygge ein flott gapahuk ved Svintjønn.



Foto: Magnar Bratlien

Gapahuken ved Svintjønn



Foto: Helle Hovden

**Dugnad i Øvre Skar.
F.v. Magnar Bratlien,
Kristen Brendhaugen og
Solveig Brendhaugen**

Aktivitet gjennom året

Helgeturar



Seniorgrupa har i fleire år arrangert tur ei langhelg i juni. I år gjekk turen til øya Runde der turleiarane Gitte Bertelsen og Kari Kjøde Enger tok med 3 damer og ein mann på fotturar, såg på fuglar, natur og kultur.



Siste helga i september inviterte turleiarar Monica Moer til yoga og fjellhelg på Slangen seter. Alle 7 som deltok denne helga hadde storkosa seg og har alt planlagt ny helg i 2024.



Geirangerhelg i juni har vorte ein tradisjon. I år gjekk turen laurdag til Vinsåshornet. Sundag var det tur til Homlungsætra og Skagedalssætra. Dette er populære turar med godt frammøte og mange vel å gjera som turleiarane Monica Moer, Nils Arne Haugen og Arnt Sveen og overnattet i Geiranger.



Prideruta 2023

I samband med FjellPride på Sota Sæter arrangerte DNT G for andre år på rad langtur i forkant av festivalen. Turen starta med middag og bli kjentkveld på Sota. Vidare gjekk turen frå Billingen til Veldalshytta, Reindalsseter, Danskehytta og til Grotli. Til tross for ruske vær ein fin tur i Tafjordfjella med heile 21 deltakarar. Takk til Silje-Håvard Bolstad, Dag Terje Klarp Solvang og Åsmund Steen som var turleiarar saman med Anita Haugen.

Aktivitet gjennom året

Fjellsport



I mars gjekk ein sprek gjeng på 9 stk saman med turleiar Arnt Sveen på fjellski frå Sota Sæter via Tundradalen til Dønfoss. Ei flott oppleveling med fin utsikt.



Besseggen på ski siste helga i mars vart ein krevjande tur med varierande sikt og glatte steinar opp brattaste partiet av eggjen. Alle 12 deltakarane fullførte med stil og er av få som har gått Besseggen utan å møte andre enn dei som var med i turfølget. Arnt Sveen og Anita Haugen var turleirarar.

Stolpejakt

Andre året med stolpejakt utvida vi frå Lom til å arrangere stolpejakt i Skjåk og Lesja også. Ein stor takk til 12 frivillige som har sett ut til saman 165 stolpar i dei tre kommunane. Desse har vore besøkt av totalt 3682 stolpejegarar som har scanna stolpane over 43 000 gonger. Å kunne tilby turorientering gratis gjennom stolpejaktappen er eit fantastisk folkehelsetiltak.



Litt fakta for spesielt interesserte:

I Lom var det 51 stolpar. Det vart registrert 2342 stolpejegarar og til saman 22 245 besøk. Det var heile 36 stk som besøkte alle stolpane. Den mest besøkte stolpen var ved Utleggsbrua (1849 stk) og den minst besøkte var Olavstein (83 stk).

I Skjåk/Dønfoss var det 65 stolpar. Det vart registrert 991 stolpejegarar og til saman 14 813 besøk. Det var heile 31 stk som besøkte alle stolpane. Den mest besøkte stolpen var ved Kraftstasjon (540 stk) og den minst besøkte var Øybergsurdi (65 stk).

På Lesja var det 49 stolpar. Det vart registrert 867 stolpejegarar. Det var 14 stk som besøkte alle stolpane. Den mest besøkte stolpen var Kyrkeholen (268 stk) og den minst besøkte var Hyrjonfossen (55 stk).

Tusen takk til lokale bedrifter som bidreg med sponsing mot reklame på stolpane.

Aktivitet gjennom året

Kom deg ut-dagen

Den nasjonale Kom deg ut-dagen blir feira over heile Noreg både vinter og haust.

I Gudbrandsdalen vart dagen i februar markert med akedag i Trabelia på Venabygdsfjellet og Skilek på Gålå skairena. Til saman tok over 100 små og store turen ut og kosa seg med grilling og leik ute.

I september samlast nærmare 40 stk rundt bålet i gapahuken i Ulbergskogen. Takk til Therese Klaussen og Tuva Brevik Løkken som år etter år stiller opp med pølser, quiz og bidreg til at Kom deg ut-dagen blir ein fin dag for barnefamiliar.



Foto: Tuva Brevik

Da 10. klasse frå Skjåk var på snøholtur bidrog DNT G med skredkurs. Dagen etter overnatta elevane i Slæom og lærte om sjølvbetjente hytter.

Det var også planlagt randohelg for ungdom i Glitterheim, klatring i Lom, tur til Vesle Galdhøpiggen, overnatting på Fanaråken og Pridetur frå Jostedalen til Sota. Desse turane vart avlyst grunna svært få påmeldte. Vi når truleg ikkje godt nok ut med tilbodet og mange ungdomar melder frå at dei er opptekne med jobb i ferien.

Born og bornefamiliar



Foto: Anita Haugen

Ungdom

DNT Gudbrandsdalen bidreg til å få fleire ungdomar ut på tur så dei kan bli kjent med og oppleve den flotte naturen vi har rett utanfor døra vår her vi bur.

I mars hadde vi ein ung turleiar som tok med 6 stk på Randotur til Ljosåbelgen. I haustferien arrangerte vi i samarbeid med Iver i firmaet Fyrst og Fremst ungdomstur til grottene i Dumdal og bretur på Bøverbreen.



Foto: Anita Haugen

Det er ofte godt frammøte på turar og arrangement for born og bornefamiliar. På familieturen til Galdhøpiggen i slutten av juli var heile 43 små og store frå seks år og oppover samla på toppen av Noregs høgaste fjell. Turen gav mykje vær, mange sjokoladebitar og store smil.



Foto: Arnt Sveen

Nisseturen i Skjåk vart gjennomført i striregn på glattisen. Til tross for dette stilte heile 85 stk opp for å få eit glimt av nissen og helse på reinsdyret Nils.

Aktivitet gjennom året

Turen til Trabelia har vorte ein gjenngangar og samla også i år 17 stk til ein fin familietur.



I sommarferien stilte Oda E. Vollan og Bjørn Slåen som turleiarar på overnattingstur for barnefamiliar til Rondvassbu. Etter ein fin sykkeltur innover, middag og ei god natt sovn, gjekk turen til Veslesmeden 2015 moh.

Friluftsskulen



Friluftsskulen frå Skog til bord vart i år arrangert for andre gong. Stor stas å sjå at fleire av deltakarane frå året før stilte opp på ny. Til saman deltok 13 ungdomar frå Lesja, Skjåk og Lom.

I samarbeid med Skjåk Almenning fekk ungdomane delta på storviltjakt og slakting. Ove Lilleengen på Sota Sæter inviterte alle inn på kjøkkenet for å lage noko godt av elgen vi fekk tak i. Skytesimulatoren til Skjåk jegar og fisk var også eit populært innslag og vart flittig brukt i løpet av dei fire dagane på Sota. Takk til alle frivillige jegarar og hundar som stiller opp og bidreg til å gjera dette mogleg.

Turar for flyktningar

Styremedlem og ivrig stolpejegar Bente B. Bråten inviterte med seg flyktningar frå Vinstra på stolpejakt. Eit populært lavterskelttilbud der ho i løpet av fire turar hadde med til saman 35 deltakrarar.



I samarbeid med vaksenopplæringa i Skjåk vart det arrangert tur til Storsæterfossen i Geiranger, opplæring i stolpejakt og bretur på Bøverbreen.




Kurs og Sosiale media

Kurs

Året 2023 starta med fyrstehejelpskurs og pizzakveld for turleiarar på Vinstra. Dette vart ei lærerik økt for dei 24 som deltok. Kurshaldar Kai Rune Kveen med erfaring frå ambulansen og Røde kors kom med mange døme og konkrete tips.



Skredkursa for ungdom på Lemonsjøen var populære og vart fort fullteikna. Til saman 15 ungdommar fekk lære meir om trygge vegval, kameratredning og skred i løpet av to gratis dagskurs.



På slutten av året vart det gjennomført ferskingkurs i både Lom og Skjåk. Her fekk flyktningar frå Ukraina gjennom ei kursrekke på 4 gonger lære meir om Allemannsretten, kart og kompass, klede og utstyr, mat og drikke på tur, bål, lage mat ute og om DNT.

Sosiale media

Sidan turprogrammet for 2023 kun var digitalt på vår nettside og facebook, var sosiale media særsviktig for oss i året som gjekk.

DNT Gudbrandsdalen har 4220 følgere på facebook og 2767 følgere på Instagram. Av desse er det 70% kvinner og 30% menn. Mindre enn 3% av følgarane våre er under 24 år. Dei aller fleste er mellom 45 og 54 år og aller flest kvinner. Nesten 20% av følgarane er frå Oslo eller Lillehammer.

Dei innlegga og arrangementa på facebook som har flest visninger er dei som blir likt av mange eller delt. Dersom folk trykker at dei er interessert i eller skal på eit arrangement aukar antal visningar svært mykje.

På Instagram er det 2000 - 5000 som ser reels-videoane som bli lagt ut. På bilete er vi sjeldan over 1 000 visninger. Likevel er antall likerklikk ganske likt på begge og ligg mellom 50 - 100 stk. I løpet av året som gjekk vart det delt 28 innlegg på Instagram frå turar, kurs og aktivitetar.

Framover må vi tenke på korleis og kvar vi kan nå ungdomane? Korleis kan vi bruke Instagram eller andre kanalar til å reklamere for turar og ikkje berre vise bilete og videoar av turar som har vore.



Styret 2023



Foto: Trond Bråten

Styret 2023

Det vart i løpet av 2023 gjennomført 8 styremøter der eit av møta var ei styresamling med overnatting i Leirvassbu. Av desse møta vart 4 stk gjennomført på teams. Dette er effektivt med tanke på både tidsbruk, kjøring og utgifter.

Eit tema som har vore oppe på mange møter er prosjektet med hytte i Skjåk. Kasseraren har på kvart møte orientert om økonomien. Andre tema som har vore oppe er gapahuken ved Svintjønn, Øvre Skar, Turprogram, påskkjønning til våre turleiarar, handlingsplan og reiserekningar. Leiar for seniorgruppa og dugnadsgjengen deltok på eit møte.

Oversikt styret

Leiar: Arnt Sveen, Vingrom/Skjåk

Nestleiar: Odd Andre Morken, Lesjaverk

Kasserar: Egil Tofte, Sør-Fron

Skrivar: Bente Brustuen Bråten, Nord-Fron

Styremedlem: Imbert Kleiven, Lalm

Styremedlem: Kirsti Myrhaug, Vågå

Styremedlem: Irene Karin Nystuen, Sel (Trakk seg)

Vara: Oda Espelund Vollan, Sel (gjekk inn som styremedlem)

Vara: Tea Karoline Mork, Skjåk

Valkomite

Åsta Kristine Bjarli, Lesja

Magnar Bratlien, Nord-Fron

Nils Arne Haugen, Lom

Stigruppa

Helle Hovden, Nord-Fron

Seniorgruppa

Gitte Bertelsen, Nord-Fron


Dagleg leiar

Anita Haugen er dagleg leiar og har vore tilsett i 100% stilling i heile 2023. Ho bur og har kontorplass i Skjåk.

Hytte

Avtale om overdragelse av historiske bygninger

Byggesøknad



Etter langt og godt samarbeid med Stiftelsen Kaare Berg vart avtala om overtagelse signert i mai 2023. På bilete f.v. dagleg leiar i SKB Dag Steen, styreleiar i SKB Anne Gro Enger, styreleiar i DNT Gudbrandsdalen Arnt Svein og Eiendomsutvikler i SKB Jo Haaken Rønning.

Tomt

Det har vore mange befaringar på hyttetomta i Skjåk gjennom året. I juni var heile styret i DNT Gudbrandsdalen og tre representantar frå Stiftelsen Kaare Berg på synfaring. Oppmåling av tomta vart gjort i august saman med grunneigar Skjåk Almenning.



Hausten vart brukt til å skrive byggesøknad. Med uvurderleg hjelp frå arkitekt Krisitian Ødegård vart søknaden fedig rett før jul.

Det er søkt om å setja opp tre bygningar som til saman vil danne eit lite tun. Ramloftet som opprinnelig kjem frå Gudbrandsdalen blir hovudhytta og vil få 8 sengeplasser. Numedalsstua vil få ein liten kjøkkenkrok og 4 sengeplasser. Garasjen vil bli brukt til toalett, vedskul og lager.

Midt i tunet blir det ei manuell vannpumpe, men ikkje innlagt vatn. Hyttetunet får innlagt straum som i hovudsak vil bli brukt til belysning da varmekjelda blir vedfyring.

Kunnskapsoverføring

På vegen frå Snarøya til Skjåk vil desse gamle bygningane bli nytta til kunnskapsoverføring av tradisjonshandverk. Tusen takk til Sparebankstiftelsen DNB som har gjeve 450 000 kr til prosjektet.



I forbindelse med SKB sitt besøk i Gudbrandsdalen nyttar vi også høve til ein tur. Etter ein triveleg kveld på Vianvang gjekk turen til Vesle Galdhøpiggen for nokre og Galdhøpiggen for resten.

Møter og representasjonar

Landsmøte Trondheim

DNT sitt landsmøte i 2023 var i Trondheim. Frå DNT Gudbrandsdalen deltok styreleiar Arnt Sveen, Nestleiar Odd Andre Morken, Magnar Bratlien frå Landsstyret og dagleg leiar Anita Haugen.

Tema denne helga var felles medlemskontingent for alle DNT foreninger, revisjon av DNT sine vedtekter og veivalg for 2026 - 2031.



Fredag kveld inviterte Trondhjems turistforening på tapas og konsert på festningen.

Ledersamling Klækken

På årets ledersamling deltok styreleiar Arnt Sveen, Magnar Bratlien frå Landsstyret og dagleg leiar Anita Haugen. Denne helga var vi samla på Klækken hotell og diskuterte veivalsprosess, medlemskapsavtale og satsingsområder.

Landsstyret

Magnar Bratlien vart gjenvalgt i Landsstyret på Landsmøte i Trondheim. Vi er glade for at Magnar bidreg i landsstyret som ein god representant frå Gudbrandsdalen i to nye år.

Opning av Leirvassbu som DNT hytte



Leirvassbu vart opna som DNT hytte til påske 2023. På biletet ysnkjer dagleg leiar i DNT Oslo og omegn, Henning Hoff Wikborg, Arnt Sveen og Magnar Bratlien velkomne.

Takk til Henning for invitasjon, god mat og triveleg lag.

Samarbeidspartnarar, medlemsutvikling og økonomi

Samarbeidspartnarar

Det er svært gledeleg at SpareBank1 Fjellbanken og SpareBank1 Gudbrandsdal i januar 23 valte å inngå ei ny toårsavtale som hovedsponsor for DNT Gudbrandsdalen. Dette gjev ei årleg inntekt på 30 000 kr. Samarbeidet bidreg til at vi kan tilby enda fleire turar og kurs.

Årleg søker vi kommunane i heile Gudbrandsdalen om kulturmidler. Dette utgjorde i 2023 ei inntekt på 49 500 kr.

Økonomi

Våren 2023 gjekk vi over til nytt regnskapssystem. Dette førte til litt ekstra hovudbry i starten, men fungerar no godt og gjer at vi no har enda betre rutiner. Styret meiner no å ha god kontroll på økonomien og inneståande på bankkonto utviklar seg positivt over tid.

Grasrotandel

Dei 35 som i 2023 gav sin grasrotandel til DNT Gudbrandsdalen har bidrege med heile 13 090 kr. Dette set vi utruleg stor pris på og ser eit potensiale for å få fleire til å gjeva sin andel til oss.

Medlemesutvikling

Det er gledeleg at antall medlemmar held fram å auke også i år.

| Familie hovud-medlem | Hovud-medlem | Ung-dom | Senior | Ufør | Livs-varig | Barn | Skule-ungdom | Husstand s-medlem | Totalt | Diff |
|----------------------|--------------|---------|--------|------|------------|------|--------------|-------------------|--------|------|
| 297 | 467 | 47 | 197 | 17 | 14 | 34 | 4 | 117 | 1184 | +4,1 |



Deltakarar på turar og aktivitetar 2023

| Dato | Tema | Namn på tur | Turleiarar | Kommune | Deltakarar | Nivå |
|---------------------|--------|---|---------------------------------|-----------|------------------------|------|
| jan. | kurs | Fyrstehjelpskurs | Kai Rune Kveen | Nord-Fron | 24 | ███ |
| 18.jan | senior | Tur til Krohaugen i Harpefoss | S. og K. Brendhaugen | Sør-Fron | 6 | ██ |
| 4.feb | ung | Skredkurs for ungdom, Lemonsjøen | Fyrst og fremst | Vågå | 6 | ██ |
| 5.feb | barn | KDU-dagen - Åkedag Trabelia | Klaussen og B. Løkken | Ringebu | 80 | ███ |
| 5.feb | barn | KDU-dagen på Gålå | Maria Underhauegn | Sør-Fron | 20 | ███ |
| 5.feb | ung | Skredkurs for ungdom, Lemonsjøen | Fyrst og fremst | Vågå | 9 | ██ |
| 7.feb | senior | Fullmånetur på truger til Øvre Skar | Gitte Bertelsen | Nord-Fron | 4 | ██ |
| 5.mars | | Skitur i Langsua | Tove og Arne Dahlen | Nord-Fron | Avlyst pga vind | ██ |
| 18.mars | | Skitur frå Sota til Dønfoss | Arnt Sveen | Skjåk | 9 | ██ |
| 17.- 19. mars | | Randohelg for ungdom | Anita Haugen | Lom | Utsatt pga få påmeldte | ██ |
| 20.- 23. mars | | Overnatting i Snøhole og Slæom | Anita Haugen | Skjåk | 28 | ██ |
| 25.mars | | Besseggen på ski | Sveen og Haugen | Vågå | 12 | ██ |
| 26.mars ung | | Ljosåbelgen på ski | Eirik Kallåk Larsen | Sel | 6 | ██ |
| 22.april senior | | Vårtur i Solbråmorka - Breilegan | S. og K. Brendhaugen | Sør-Fron | 5 | ██ |
| 11.mai | | Stolpejakt for flyktningar i Sorperoa | Bente B. Bråten | Sør-Fron | 14 | ██ |
| 22.mai | | Stolpejakt for flyktningar Vinstra | Bente B. Bråten | Sør-Fron | 8 | ██ |
| 24.mai senior | | Solbrådammen til Kleivsætra | B. K. og T. Wangen | Sør-Fron | 20 | ██ |
| 1.juni | | Øvre del av Augladalen | Amund Grytting | Sør-Fron | | ██ |
| 3.juni senior | | Rudiomnan, skogstur | Elin Marit Andgard | Dovre | | ██ |
| 7.juni kultur | | Kveldstur langs Skodalsåa kulturstig | Brenden og Tofte | Sør-Fron | 8 | ██ |
| 7.juni | | Stolpejakt for flyktningar i Sødorp | Bente B. Bråten | Sør-Fron | 5 | ██ |
| 8.- 11. juni senior | | Langhelg på Runde | Bertelsen og Enger | Sunnmøre | 6 | ██ |
| 9.- 11. juni | | Fotokurs i Peer Gynts rike | Monica H. Moer | Nord-Fron | avlyst få påmeldte | ██ |
| 15.juni | | Stolpejakt for flyktningar, Sandstjern | Bente B. Bråten | Sør-Fron | 8 | ██ |
| 17.juni senior | | Grimsdalsvegen - rundtur | Elin Marit Andgard | Dovre | ? | ██ |
| 17.juni | | Rondaståk - tur til Skjerellkampen | S. og K. Brendhaugen | Gålå | 5 | ██ |
| 18.juni barn | | Barnevennleg tur til Trabelifjella | Klaussen og B. Løkken | Ringebu | 17 | ██ |
| 19.juni | | Storsæterfossen i Geiranger | Israelsen og Haugen | Geiranger | 18 | ██ |
| 20.juni | | Stolpejakt for flyktningar i Dønfoss | Israelsen og Haugen | Skjåk | 18 | ██ |
| 21.juni senior | | Peer Gynt stigen - Sødorpfjellet | Gitte Bertelsen | Nord-Fron | avlyst | ██ |
| 24.juni | | Vinsåshornet | Sveen, Moer og Haugen | Geiranger | 9 | ██ |
| 25.juni | | Homlungsætra og Skagedalssætra | Sveen, Moer og Haugen | Geiranger | 12 | ██ |
| 26.juni ung | | Introduksjon klatring ute for ungdom | Fyrst og fremst, Haugen | Lom | avlyst 1 påmeldt | ██ |
| 27.juni | | Bretur for flyktningar | Fyrst og fremst, Haugen | Lom | 8 | ██ |
| 28.juni ung | | Ungdomstur på Veslepiggen | Fyrst og fremst, Haugen | Lom | avlyst ingen påmeldte | ██ |
| 2.- 6.juli | | Prideruta 2023 - Taifjordfjella | Bolstad, Solvang, Haugen | Skjåk... | 21 | ██ |
| 5.- 6.juli ung | | Frå Jostedalen til Sota på FjellPride | Israelsen og Stadsvold | Skjåk | avlyst få påmeldte | ██ |
| 6.juli ung | | Dagstur til Sottjønnbue | Israelsen og Stadsvold | Skjåk | sukdom | ██ |
| 8.juli | | Pridemarsj Sota Sæter | Sveen og Haugen | Skjåk | 85 | ██ |
| 8.juli | | Pridgegames på Sota Sæter | FjellPride komiteen | Skjåk | 30 + 50 | ██ |
| 12.juli senior | | Sprenpiggen (1336 moh) | Arne Skuterud | Sør-Fron | 5 | ██ |
| 17.-18.juli | | Tur for barnefamiliar - Rondvassbu | Slåen, Wollan, Israelsen | Sel | 12 | ██ |
| 19.juli senior | | Kvamsfjellet - Sødorpfjellet | Arne Skuterud | Nord-Fron | 6 | ██ |
| 21.-22.juli ung | | Tur med overnatting på Fanaråkhytta | Haugen | Lom | avlyst 1 påmeldt | ██ |
| 27.juli barn | | Familietur på Galdhøpiggen | Brekkum, Fyrst og Fremst | Lom | 43 | ██ |

Deltakarar på turar og aktivitetar 2023

| Dato | Tema | Namn på tur | Turleiarar | Kommune | Deltakarar | Nivå |
|--------------|--------|--|---------------------------------|-----------|------------------|------|
| 7. aug | ung | Klatreparken på Bjarli | Anita Haugen | Lesja | ekstremvær | |
| 8. aug | | Pilegrimsleden Hundorp - Vinstra | Per Gunnar Hagelien | Nord-Fron | ekstremvær | |
| 9. aug | | Pilegrimsleden Vinstra - Kvam | Per Gunnar Hagelien | Nord-Fron | ekstremvær | |
| 15. aug | ung | Via Ferrata i Heidal | Anita Haugen | Sel | avlyst fåe delt. | |
| 19.-20. aug | | Ridehelg på Slangen seter | Anita Stasbergløkken | Skåbu | fåe delt. | |
| 26. aug | | Rundtur Svartvatn - Skardbua | B. og J. Krogsvæn | Ringebu | regn + fåe | |
| 3. sept. | barn | Kom deg ut- dagen Ulbergskogen | Klaussen og B. Løkken | Ringebu | 37 | |
| 13. sept | senior | Tapastur | Bertelsen, Agøy og Engum | Nord-Fron | 28 | |
| 22.-24. sept | | Yoga og fjellhelg på Slangen seter | Monica H. Moer | Nord-Fron | 7 | |
| 9. okt | ung | Grottetur i haustferien | Fyrst og fremst, Haugen | Lom | 7 | |
| 10. okt | ung | Bretur i haustferien | Fyrst og fremst, Haugen | Lom | 16 | |
| 12. okt | senior | Englestien - Fefor | Berit K. Wangen | Nord-Fron | 21 | |
| 14. okt | | Dugnad i Øre Skar | Helle Hovden | Sør-Fron | 4 | |
| 12.-15. okt | ung | Friluftskulen frå skog til bord, Sota | Israelsen, Haugen | Skjåk | 13+28+23+36 | |
| 17. okt | | Ferskingkurs del 1 | Anita Haugen | Lom | 12 | |
| 1. nov | | Ferskingkurs del 2 | Anita Haugen | Lom | 11 | |
| 15. nov | | Ferskingkurs del 3 | Anita Haugen | Lom | 12 | |
| 15. nov | | Ferskingkurs del 1 | Anita Haugen | Skjåk | 17 | |
| 29. nov | | Ferskingkurs del 4 | Heidrun Israelsen | Lom | 13 | |
| 29. nov | | Ferskingkurs del 2 | Anita Haugen | Skjåk | 13 | |
| 6. des | | Ferskingkurs del 3 | Anita Haugen | Skjåk | 14 | |
| 15. des | | Stolepjaktavslutning Lom og Skjåk | Sveen, Haugen | Skjåk | 15 | |
| 16. des | | Nissetur | Sveen, Haugen | Skjåk | 85 | |
| 20. des | | Ferskingkurs del 4 | Anita Haugen | Skjåk | 16 | |

Totalt deltok 1056 store og små på turar og kurs i regi av DNT Gudbrandsdalen i 2023.

Av dei 69 turane og kursa som var planlagt vart 54 gjennomført. Nokre vart avlyst grunna dårlig vær og andre pga få påmeldte.

Det er ein nedgang på antall gjennomførte turar frå året før, men om lag like mange deltagarar totalt.

Gjennomsnittet på antall deltagarar på kvar tur har derfor auka og er i år 19,6.



Turen starter med

